

Redaksjonskomitéens innstilling

Vestland Arbeidarparti - Årsmøte 2021

1000
1001
1002
1003
1004
1005
1006
1007
1008
1009
1010
1011
1012
1013
1014
1015
1016
1017
1018
1019
1020
1021
1022
1023
1024
1025
1026
1027
1028
1029
1030
1031
1032

Redaksjonskomite 1

Torbjørn Vereide, Sunnfjord (leder)

Siri Klokkestuen, Etne

Egil Knudsen, Bergen/Stortingsgruppen

Solveig Willis, Kinn

Ørjan Myrmel, Voss

Henning Ekerhovd, Øygarden

Benjamin Jakobsen, AUF

Anne Gine Hestetun, Bergen/Fylkestingsgruppen

Odd Harald Hovland, Sunnhordland/Stortingskandidat

Leonora S. Hjelle, sekretær

- 1033 **Forslag til behandlingsform:**
- 1034
- 1035 **Forslag som vedtas i sin helhet:**
- 1036 65
- 1037
- 1038 R1, R2, R3, R4, R5, R6, R7
- 1039
- 1040 **Forslag som blir helt eller delvis ivaretatt i andre forslag:**
- 1041 1, 2, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 12, 13, 14, 16, 17, 18, 20, 21, 24, 27, 28, 29, 30, 31, 33, 34, 35, 36,
- 1042 37, 38, 39, 40, 41, 42, 43, 46, 44, 45, 47, 48, 49, 50, 66, 67, 68, 69, 70, 71, 97, 98, 99, 100,
- 1043 104, 105, 106, 128, 140, 141, 142
- 1044
- 1045 **Forslag som avvises i sin helhet:**
- 1046 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 14, 15, 17, 18, 19, 21, 22, 23, 25, 27, 28, 29, 30, 31, 32, 33,
- 1047 34, 35, 36, 37, 38, 39, 40, 41, 42, 43, 44, 45, 46, 47, 48, 49, 50, 66, 67, 68, 69, 70, 71, 97, 98,
- 1048 99, 100, 104, 105, 106, 125, 128, 137, 140, 141, 142
- 1049
- 1050
- 1051 **Forslag som oversendes fylkestingsgruppen/stortingsgruppen for videre arbeid:**
- 1052 13, 16, 20, 24, 26, 97, 98,
- 1053
- 1054 R1, R2, R3, R4, R5, R7
- 1055
- 1056 **Forslag som oversendes Landsmøte:**
- 1057 L1
- 1058
- 1059 **Forslag som oversendes styret til VAP:**
- 1060 43 (Kulepunkt nr.1), 128, R6
- 1061
- 1062 **Forslag som er helt eller delvis ivaretatt i *NTP 2022-2033 - Innspel til prioriteringar frå***
- 1063 ***Vestland fylkeskommune:***
- 1064 1, 3, 15, 19, 22, 32,
- 1065
- 1066 **DISSENSER:**
- 1067 Forslag 132: Boikott av varer og tenester frå Israel.
- 1068
- 1069 Fleirtallet ved Siri, Odd Harald, Eigil, Anne Gine og Henning ønskjer å avvise forslaget.
- 1070
- 1071 Mindretallet ved Torbjørn, Solveig, Benjamin, Ørjan ønskjer å behalde uttalen.

1072 **Nye forslag frå redaksjonskomitéen:**

1073

1074 **R1 Samferdsel, mobilitet og kollektiv i Vestland Fylke**

1075 Innstilling: **Vedtas, oversendes fylkestingsgruppen og stortingsgruppen.**

1076 Ivaretar helt eller delvis forslag: 1, 2, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 12, 14, 17, 18, 21, 27, 28, 29, 30, 31,

1077 33, 34, 35, 36, 37, 38, 39, 40, 141, 142

1078

1079 **R2 Klima & Energi**

1080 Innstilling: **Vedtas, oversendes fylkestingsgruppen og stortingsgruppen.**

1081 Ivaretar helt eller delvis forslag: 41, 42, 43, 46, 44, 45, 47, 48, 49, 50, 140

1082

1083 **R3 Industri**

1084 Innstilling: **Vedtas, oversendes fylkestingsgruppen og stortingsgruppen.**

1085 Ivaretar helt eller delvis forslag: 97, 98, 99, 100

1086

1087 **R4 Hav og fisk**

1088 Innstilling: **Vedtas, oversendes fylkestingsgruppen og stortingsgruppen.**

1089 Ivaretar helt eller delvis forslag: 67, 68, 69, 70, 71

1090

1091 **R5 Kultur**

1092 Innstilling: **Vedtas, oversendes fylkestingsgruppen og stortingsgruppen.**

1093 Ivaretar helt eller delvis forslag: 104, 105, 106

1094

1095 **R6 Ein bustadpolitikk for alle**

1096 Innstilling: **Vedtas, oversendes styret i VAP.**

1097 Ivaretar helt eller delvis forslag: 128

1098

1099 **R7 GIEK og Eksportkreditt må flyttast til Vestlandet/Bergen for å styrke eksporten**

1100 Innstilling: **Vedtas, oversendes stortingsgruppen.**

1101 Ivaretar helt eller delvis forslag: 98.

1102

1103

1104 **R1 Samferdsel, mobilitet og kollektiv i Vestland Fylke**

1105 Innstilling: **Vedtas, oversendes fylkestingsgruppen og stortingsgruppen.**

1106

1107 Arbeidarpartiet vil sørge for at heile Vestland skal ha trygge, effektive og berekraftige
1108 transportløysingar både for folk og næringsliv. Vestland skal vera eit framtidretta fylke som
1109 kuttar i utslepp frå transportsektoren og tilbyr eit godt kollektivtilbod som er eit reelt
1110 alternativ til privatbilismen.

1111

1112 **Rassikring og trygge vegar**

1113 Vestland er i dag det fylket i Noreg som har flest rasutsatte riks- og fylkesvegar. Behovet for
1114 rassikring i fylket vårt utgjer seg anslagsvis til 40 milliardar og som følgje av klimaendringane
1115 opplev vi no endå fleire ras enn tidlegare. Vestland Arbeidarparti støttar derfor Nasjonal
1116 Rassikringsgruppe sitt krav om ein forpliktande nasjonal rassikringsplan.

1117

1118 Fylkesvegnettet vårt har til dels særst dårleg vegstandard og ber preg av eit stort
1119 vedlikehaldsetterslep. I eit langstrekt kystfylke med høge fjell og djupe fjordar har vi mange
1120 tunnelar og bruer med behov for kostbare oppgraderingar. Fylkeskommunane er ikkje sette
1121 økonomisk i stand til å ta igjen vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane og Vestland
1122 Arbeidarparti meiner derfor at staten må auka rammene til fylka og sørge for at
1123 finansieringa tek opp i seg geografiske forskjellar og utfordringar.

1124

1125 For Arbeidarpartiet veg omsynet til liv og helse tyngst og vi meiner derfor at ein må
1126 prioritera opprusting av strekningar med høg risiko for ras og ulykker, strekningar med høg
1127 trafikk og låg standard, og etablering av gul stripe på strekningar med smal vegbane.

1128

1129 Ny nasjonal transportplan skal vedtakast no i vår, og for arbeidarpartiet i vestland er det
1130 viktig å stille seg bak det som har blitt framforhandla og spelt inn frå Vestland Fylke. I
1131 Vestland er det mange europa- og riksvegar med høg rasfare og mange strekningar er utan
1132 gul stripe. Det må vere eit minstekrav at riks- og europavegar har to felt. Prioritering av liv
1133 og helse bør òg ligga til grunn når ein skal oppgradere det nasjonale vegnettet i fylket vårt.

1134

1135 Av omsyn til stor rasfare og mange ulykker er Vestland Arbeidarparti si hovudprioritering
1136 innan store samferdselsprosjekt bygging av K5-prosjektet, ny E16 og Vossebana, mellom
1137 Bergen og Voss. Strekninga har ei viktig regional betydning i Vestland og hovudveg mellom
1138 Bergen og Oslo. Det må startast vidare planlegging av strekninga Stanghelle-Voss for å legge
1139 til rette for samanhengande utbygging på strekninga Bergen-Voss. Målet må vere at
1140 reisetida på Bergensbana må kome ned mot 4 timar mellom Bergen og Oslo.

1141

1142 E39 er den mest sentrale tranportkorridoren for heile Vestlandet og må prioriterast som
1143 hovedferselsåre med tilstrekkeleg opprusta standard for å binda landsdelen saman frå sør til

1144 nord. Vi har som klar målsetnad om ein ferjefri E39 gjennom fylket med gode koplingar til
1145 andre område i fylket.

1146

1147 Effektive og føreseielege transportkoplingar ut av Vestland er viktig for både næringsliv og
1148 innbyggjarar i Vestland. Riksveg 52 over Hemsedal er vald av regjeringa til å vera
1149 hovudsamband for tungtransport, medan riksveg 7 over Hardangervidda i stor grad er
1150 sambandet for personbiltrafikk og turisme. Rv 15 over Strynefjellet ein viktig fjellovergang i
1151 den nordlege delen av fylket. Når Seljestad- Røldal på E134 startar opp så må den vidare
1152 planlegginga og framdrifta på denne vegen halde fram. Rv 5 er ei viktig ferdselsåre for
1153 næringslivet langs kysten, medan rv 13 er viktig for å binde fylket saman i dei indre strøka.

1154

1155 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1156 ● Prioritere rassikring, liv og helse i Vestland fylke.
- 1157 ● Legge til grunn høyringsfråsegna til den nasjonale transportplanen frå Vestland Fylke
1158 i det vidare arbeidet.
- 1159 ● Krevja ein forplikande 12 årleg nasjonal skredsikringsplan som omfattar alle
1160 skredpunkt med middels og høg rasfaktor
- 1161 ● At arbeidet med den regionale transportplanen byggjer vidare på dei to
1162 prioriteringsplanane frå Hordaland og Sogn og Fjordane
- 1163 ● Arbeide for ein nasjonal plan som skal finansiera etterslepet på vedlikehald i
1164 fylkesvegnettet
- 1165 ● Arbeide for effektive og vinteråpne transportkorridorar ut av fylket vårt
- 1166 ● Styrke Statens vegvesen som hovudaktør for bygging og drift av vegnettet i fylket
1167 vårt.

1168

1169 **Kollektivsatsning i heile Vestland fylke!**

1170 Noreg har i Paris-avtalen forplikta seg til å kutte klimagassutsleppa med 40% innan 2030. For
1171 å nå desse måla er vi heilt avhengige av å kutte i utslepp frå transportsektoren. Derfor må vi
1172 sørge for eit attraktivt, rimeleg og klimavennlig kollektivtilbod i heile Vestland fylke. Skal
1173 kollektivtransport vera eit godt og reelt alternativ til personbilen må tilbodet vera enkelt,
1174 rimeleg og effektivt. Arbeidarpartiet vil derfor ta ei aktiv rolle i å styrke kollektivtilbodet i
1175 fylket.

1176

1177 I Bergen har vi Bybanen som det viktigaste samferdsels- og klimaprojektet. Bybanen har
1178 meir enn 18 millionar reiser i normalåret og representerer 25 prosent av dei
1179 kollektivreisande i Vestland fylke. Arbeidarpartiet skal sørge for utbygging av bybanen til
1180 Åsane og arbeide for at staten dekker meir av utgiftene til bybanen.

1181

1182 Byvekstavtalen med staten gjer det mogleg for heile Bergensområdet å ha ein auka satsing
1183 på rimelegare og hyppigare kollektiv samstundes som det ein legg til rette for auka bruk av
1184 sykkel og gange i kvardagen.

1185 I distrikta ser vi ofte at kollektivtilbudet ikkje er godt nok fordi det er for få bussar som ikkje
1186 alltid går når ein treng å bruka dei. Vestland Arbeiderparti ønskjer derfor ei auka satsing på
1187 bestillingstransport og fleksible løysingar for å sikre eit attraktivt tilbod for fleire til å velje
1188 kollektivt i område med lågt passasjergrunnlag. I tillegg til fleksible løysingar som til dømes
1189 “hent meg” og “trygt heim”, meiner Arbeidarpartiet at gode korrespondansar mellom ulike
1190 transporttilbod og gode vilkår for pendling frå arbeid og skule er nøkkelen til å lykkast med
1191 kollektivtransport i distrikta.

1192

1193 **Vestland Arbeiderparti vil:**

- 1194 ● Stille krav til miljøvennleg drift av bussene og halda fram arbeidet med å elektrifisere
1195 bussane i fylket.
- 1196 ● Stille krav om nullutslepp i framtidige anbod i kollektivsektoren.
- 1197 ● Sikre god korrespondanse, og forenkle takstsystema mellom tog, buss, båt, bane og
1198 ferje.
- 1199 ● Sørge for at prisane på kollektivtilbudet ikkje skal auka meir enn den årlege
1200 prisindeksen.
- 1201 ● Prioritere utbygging av gang- og sykkelveggar.
- 1202 ● Arbeide for betre vilkår for pendlarar og sikre at pendlarutgiftene som gir
1203 skattefrådrag blir gjort opp månadsvis.
- 1204 ● Arbeide for auka statleg finansiering av bybanen, prioritere utbygginga av bybanen
1205 til Åsane og ferdigstille utbygginga av bybanen til Fyllingsdalen.

1206

1207 **Transportløysingar på sjøen**

1208 Sjøen er ein viktig transportkorridor både for folk og næringsliv i Vestland. Ferjene og
1209 hurtigbåtane er ein viktig del av vegnettet i fylket vårt og det er viktig at tilbodet er rimeleg,
1210 klimavennleg og har hyppige avgangar. Staten må auke tilskotet til ferjedrift slik at
1211 kostnadsveksten i dei nye ferje anboda blir fullt kompenserte. Vidare vil Arbeidarpartiet
1212 leggja til rette for å flytte meir av godstrafikken frå veg til sjø og bane, samt arbeide for å
1213 vidareutvikle “det blå kollektivfeltet” gjennom å styrke dagens nettverk av hurtigbåtar i
1214 fylket.

1215

1216 **Vestland Arbeiderparti vil:**

- 1217 ● Stille krav til miljøvennleg drift av hurtigbåtane og ferjene i fylket og ha mål om
1218 utsleppsfrie ferjer og hurtigbåtar.
- 1219 ● Sikre eit godt ferje og hurtigbåttilbod i heile fylket og spesielt sikre pendlarar til
1220 arbeid og skule eit godt tilbod.
- 1221 ● Arbeide for fleire ferje - og hurtigbåtagangar, også på natta.
- 1222 ● Sikre ei betre statleg finansiering av det fylkeskommunale ferjetilbodet som er i
1223 samsvar med kostnadsveksten i nye ferje anbod.

1224

1225 **L1 Fråsegn til landsmøte:**

1226 ● Vestland arbeidsparti krev at det vert utarbeida betre og meir treffsikre
1227 kompensasjonsordningar for fylka som lyser ut anbod på nullutsleppsteknologi.
1228 Dette ser vi som heilt avgjerande for at fylka som bidreg inn mot det grønne skiftet
1229 ikkje skal bli sittande igjen med ei økonomisk belastning som går utover skuledrift,
1230 rassikring og andre tilbod.

1231
1232 ● Vestland Arbeidsparti krev at regjeringa gjennomfører nasjonal skredsikringsplan
1233 som innan 12 år sikrar utbetringar av skredpunkt på alle strekningar med høg og
1234 middels skredfaktor.

1235

1236

1237 **R2 Klima & Energi**

1238 Innstilling: **Vedtas, oversendes fylkestingsgruppen og stortingsgruppen.**

1239

1240 Klimakrisa stiller store krav til omstilling av det norske samfunnet. Vi ser at behovet for
1241 energi aukar. Noreg har med den unike kompetansen sin og sine naturgitte fortrinn, store
1242 moglegheiter til å bygga ut meir fornybar energi. Samtidig er det avgjerande at ein sikrar ein
1243 god balanse mellom behovet for energi og vern av sårbar natur. Vestland Arbeidsparti
1244 ynskjer ein energi- og klimapolitikk basert på sosialdemokratiske verdiar, der staten leiar an
1245 gjennom eit aktivt eigarskap og gjennom å stilla krav om at klima og miljø må bli teke omsyn
1246 til. Føresetnaden for å lykkast med omstillinga til fornybarsamfunnet ligg i korleis vi forvaltar
1247 energiressursane våre. Vestland skal vera motoren i denne omstillinga, som krev at vi
1248 utviklar ny teknologi, bygger opp ny produksjon, sikrar akseptable energiprisar og finn gode
1249 måtar å distribuera energien på til heile landet.

1250

1251 **Forvaltning av energiressursar**

1252 Vestland Arbeidsparti meiner at det er behov for ein heilskapleg plan som ser klima,
1253 næring, energi og lavutslippssamfunn i ein samanheng. Ein slik plan kan gjere oss betre
1254 rusta til å sikra ei forsvarleg forvaltning og utvikling av energiressursane våre. Det blir lagt
1255 opp til auka elektrifisering i fleire sektorar, mellom anna innan transport, prosessindustri og
1256 petroleum. Ei auka elektrifisering vil stilla krav til ei auke i kraftproduksjon. Vestland
1257 Arbeidsparti meiner at elektrifisering av ulike sektorar er eit viktig klimatiltak, så fram
1258 elektrisiteten kjem frå fornybare energikjelder. For olje- og gassfelt med kort levetid, vil ikkje
1259 elektrifisering nødvendigvis vera formålsteneleg. Elektrifisering av sokkelen bør primært skje
1260 gjennom utvikling av havvind, slik at det ikkje går på bekostning av ny framtidretta industri.

1261

1262 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1263 ● Oppretta ein heilskapleg handlingsplan som ser på energi, klima, næringsliv og
1264 lavutslippssamfunn i ein samanheng.
- 1265 ● Styrke støtta til forskning på eksisterande og framtidige fornybare energikjelder.
- 1266 ● Sikre sterkt nasjonalt eigarskap av alle kraftressursane våre.
- 1267 ● At elektrifisering av norsk sokkel føreset at det blir bygt ut meir fornybar energi, og
1268 då spesielt havvind. Elektrifisering må sjåast på i eit kost-nytte prinsipp der faktorar
1269 som levetida til feltet, og dessutan dei materielle og immaterielle kostnadene ved
1270 utbygging av fornybare energi blir vurderte.
- 1271 ● Gi NVE eit tydelegare mandat til å ta vare på natur og miljø i utbygging av fornybar
1272 energi.

1273

1274 **Vasskraft**

1275 Vasskraft er i dag Noreg si viktigaste fornybare energikjelde, og store delar av energibehovet
1276 vårt blir dekkja av vasskraft. Sjølv om dei fleste vassdraga i dag er bygd ut, ligg det noko
1277 energipotensiale i å oppgradera eksisterande vasskraftverk. Det går no føre seg ein
1278 miljørevisjon av eldre kraftanlegg, men så langt anslår ein at det ligg eit energipotensial på
1279 mellom 4-6 TWh. Dette vil vera eit viktig bidrag, men vil ikkje åleine vera tilstrekkeleg til å
1280 dekkja behovet for energi. Vestland Arbeidarparti vil leggja til rette for at det kan byggast
1281 fleire mikro- og mini-vasskraftverk, der dette er føremålstenleg og forsvarleg med tanke på
1282 natur og biologisk mangfald.

1283

1284 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1285 ● Sikre offentleg eigarskap av vasskraftressursene våre, også småkraftverk.
- 1286 ● Bygga ut fleire mikro- og mini-vasskraftverk, der dette er føremålstenleg og
1287 miljøfagleg forsvarleg.
- 1288 ● Etablera ein elektrifiseringsstrategi som både tar vare på forsyningsikkerheit og
1289 næringsutvikling med å vurdera auka produksjon av fornybar energi, raskare
1290 utbygging av nett, energimiks og smarte løysingar.
- 1291 ● Sikre ei rettferdig nettleige til forbrukarane og næringslivet som stimulerer til
1292 utbygging av fornybar energi.

1293

1294 **Betre utnytting av ressursane**

1295 Svaret på utfordringa knytt til energibehovet i framtida, kan ikkje berre vera å bygga ut meir
1296 fornybar energi, ein må også sjå på kva potensial som finst til å redusere energibruk. Noreg
1297 har ein bygningsmasse som krev mykje energi til mellom anna oppvarming. I Sverige har ein
1298 hatt ei storstilt satsing på energieffektivisering. Vestland Arbeidarparti ynskjer å få til ei slik
1299 satsning i Noreg der ein i fyrste omgang prioriterer burettslag og sameige. Ei slik satsning
1300 kan frigjere fornybar energi, auke bukvatiteten, bidra til mobilisering av folk til
1301 klimaomstillinga og det gir sysselsettjing. Vestland Arbeidarparti meiner at det må leggest
1302 fram ein handlingsplan for energieffektivisering som set ambisiøse mål fram mot 2050. Det

1303 er og viktig at støtta gjennom Enova blir styrka. Biogass er ei god måte å utnytta ressursar
1304 på. Vestland Arbeidarparti ynskjer at det blir statse meir på biogass. I dag eksporterer vi
1305 50% av alt avfall og bioest frå skogdrift. Det bør derfor vere ei målsetjing at Noreg i større
1306 grad kan handtera eige avfall.

1307

1308 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1309 ● Gjennomføra ein storsatsning på energieffektivisering i Noreg.
- 1310 ● Styrke støtta i Enova til energieffektiviseringstiltak.
- 1311 ● Få på plass ein handlingsplan som set ambisiøse mål fram mot 2050 for korleis Noreg
1312 kan redusere behova sine gjennom energieffektivisering.
- 1313 ● At det blir utarbeidd eit vegkart for biogass for å vurdere ulike ressurs- og
1314 næringskjeder, produksjon og ulike sluttmarknader.
- 1315 ● Etablere fyllestasjoner for biogass og hydrogen langs våre viktigaste
1316 godstransportårer til lands og godshamner.
- 1317 ● Ha som målsetjing at Noreg i større grad kan handtere eige avfall og bruka det til
1318 produksjon av biogass.

1319

1320 **Vindkraft**

1321 Vindkraft er ei viktig fornybar energikjelde som vil stå sentralt i det grønne skiftet. Noreg har
1322 Europa si lengste kystlinje og derfor er potensialet for vindkraft stort. Vestland Arbeidarparti
1323 er positiv til vindkraftutbygging, men meiner det er viktig at slik utbygging tar omsyn til
1324 natur og biologisk mangfald. Det er viktig at medverknad i større grad blir vektlagt når det
1325 gjeld utbygging av vindkraft. Vestland Arbeidarparti meiner at vindkraftanlegg primært bør
1326 vere lokalisert i tilknytning til industrianlegg, gardsdrift og anna infrastruktur. Vestland
1327 Arbeidarparti er positiv til havvind under den føresetnaden at dei ulike havnæringane,
1328 spesielt fiskeri, blir teke omsyn til.

1329 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1330 ● At det må utviklast standardar for verdsetting av ikkje-prisgjevne konsekvensar og
1331 verdiar som natur, friluftsliv og helse. Desse standardane skal vurderast opp
1332 verdiskapinga og behovet for energi.
- 1333 ● Styrke satsinga på havvind, og sikre sterkt statleg eigarskap.
- 1334 ● Utbetre eit betra skattesystem for vindkraft.

1335

1336 **Tenke globalt, handle lokalt**

1337 Norske kommunar og fylkeskommunar spelar ei heilt avgjerande rolle for at Noreg skal nå
1338 dei ambisiøse klimamåla sine. Det er viktig at kommunar og fylkeskommunar har dei
1339 nødvendige verktøya for å kutte i utslepp og samtidig ta vare på naturen og lokalsamfunn på
1340 ein best mogleg måte. Vestland Arbeidarparti meiner at staten har eit særleg ansvar for å
1341 utvikla gode verktøy, sikra god kompetanse og økonomiske støtteordningar for å setja
1342 kommunane i stand til å kjempa mot forsøpling, verna natur og kutte i eigne
1343 klimagassutslepp. Her er det viktig at det vert satsa på kollektivtilbud, energieffektivisering

1344 og utnytting av spillvarme. Staten må og bidra økonomisk til at kommunene klarer å rydda
1345 opp i gamle miljøsynder på land og i sjø.

1346 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1347 ● At staten i større grad må bidra til finansiering av klimatiltak i kommunar og
- 1348 fylkeskommunar, som til dømes elektrifisering av ferjeflåta, hurtigbåtar og
- 1349 nettutbygging fram til ladepunkt.
- 1350 ● Innføra sterkare verkemiddel mot ureining i plan og bygningslova og dessutan styrke
- 1351 innsatsen mot miljøkriminalitet.
- 1352 ● Starta eit arbeid for at utrangert utstyr, bilar og båtar berre skal lagrast i områder
- 1353 som er spesielt regulert for dette.
- 1354 ● Styrka moglegheitene kommunane har til å kunna pålegga grunneigarar å reparera
- 1355 eller rive bygningar som er til nedfalls og til stort allment bry.
- 1356 ● Staten må ta ein større del av rekninga for opprydding av gamle miljøsynder i
- 1357 kommunane.

1358

1359 **Natur og biologisk mangfald**

1360 Det internasjonale naturpanelet la i 2019 fram ein rapport om tilstanden til naturen.
1361 Rapporten ser på tap av naturmangfald som ein like stor trussel mot menneskjer som
1362 klimaendringane. Vestland Arbeidarparti ynskjer difor å setja tap av natur høgare på
1363 dagsorden i norsk klima- og miljøpolitikk. Tap av areal er den viktigaste årsaka til at artar
1364 forsvinn. Det er derfor viktig at det vert etterstreba mest mogleg arealnøytralitet. Dette
1365 inneber i praksis at ein i større grad nyttar areal som allereie er utnytta framfor å øydelegga
1366 meir urørd natur. Noreg er i dag ein stor olje- og gassnasjon, og vi vil og vera det i åra
1367 framover. Samtidig vil vi i åra som kjem satsa stort på utbygging av fornybar energi. Målet
1368 med norsk energipolitikk må vera at vi skal få mest mogleg ut av naturressurser våre, med
1369 minst mogleg økologisk fotavtrykk.

1370

1371 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1372 ● Arbeide for at kommunar og fylkeskommunar set mål om arealnøytralitet.
- 1373 ● At omsynet til klima og miljø skal vege tyngst enten det gjeld utvinning av olje og
- 1374 gass, utbygging av fornybar energi, eller anna næringsverksemd i svært sårbare
- 1375 områder.

1376

1377

1378

1379

1380

1381

1382

1383 **R3 Industri**

1384 Innstilling: **Vedtas, oversendes fylkestingsgruppen og stortingsgruppen.**

1385

1386 **Industri i kraftfylket Vestland**

1387 Industrien skaper store verdier og mange arbeidsplassar på Vestlandet. Vestlandet har
1388 mange fortrinn med rik tilgang på naturressursar, høg kompetanse og konkurransefortrinn
1389 som ligg i «den norske modellen».

1390

1391 Det er fleire deler av Vestland som har manglande tilgang på kraft og overføringskapasitet
1392 opp mot det framtidige behovet, og dette er kritisk for utvikling av industri og øvrig næring.
1393 Vi må derfor sikre nasjonal kraftbalanse og forsyningstryggleik.

1394

1395 Vestland Arbeidarparti vil sikra nye og eksisterande arbeidsplassar, og derfor må det skje eit
1396 taktskifte for å berekna eit langsiktig behov for kraft. Vi må investere for å sikra framføring
1397 av nok kraft i fylket.

1398

1399 Ein stor del av norsk industri står i dag i det teknologiske og grønne skiftet med interessante
1400 framtidsmogelegheiter. Bedriftene skal omstille seg til miljøvenleg produksjon. Vi må
1401 utnytte og utvikle kompetansen og dei menneskelege ressursane som industrien har. Dette
1402 er eit
1403 fortrinn som gjer at landet vårt kan bli leiande i verda på grøn teknologisk produksjon og
1404 omstilling.

1405

1406 Verdien av rein, fornybar og utsleppsfri kraft vil vere eit stort konkurransefortrinn i åra som
1407 kjem og derfor vil Vestland Arbeiderpartiet ha eit nasjonalt løft for framtidens industri.
1408 Industripolitikken vår skal kjenneteiknast med å ta ressursane på land og i havet i bruk på
1409 ein bærekraftig måte.

1410

1411 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1412 ● Ha langsiktige berekningar ved å planlegga kraftbehovet i Vestland fram til 2050.
- 1413 ● Auka andelen norske fagarbeidarar og ingeniørar som jobbar med utbygging og
1414 vedlikehald av nettet.
- 1415 ● Fokusera på forvaltinga av energiressursane sånn at det og i framtida vil vere
1416 grunnlag for industriproduksjon i Vestland.
- 1417 ● Jobba for at Vestland skal vera ein aktuell lokasjon for etablering av batterifabrikk og
1418 andre berekraftige industrisatsingar.
- 1419 ● I planarbeidet med nye straumlinjer i luftspenn skal ein og greie ut alternativ som
1420 sjøkabel, jordkabel og boring i fjell, og arbeide for at ein i mykje større grad nyttar
1421 ulike løysingar for å hindre konflikhtar mellom areal, kulturminne, landskap og
1422 naturmangfald.

- 1423 • Legga til rette for å utnytta vårt fortrinn i leverandørindustrien ved å nytta fornybare
1424 og framtidretta energiressursar som til dømes sol-, vind- og vasskraft, samt biogass.

1425

1426 **Verftsindustrien**

1427 I dag er det norske verft som ikkje kvalifiserer seg til å kunna delta i anbudsprosessar
1428 grunna mangel på eigenkapital. Verft slit økonomisk grunna ein tøff marknad med hard
1429 konkurranse både nasjonalt og internasjonalt, pandemi og ustabil verdsøkonomi med
1430 flyktige prisar hjå underleverandørar.

1431 Verftsindustrien er viktig for heile kysten vår og gir direkte eller indirekte mat på bordet for
1432 svært mange familiar. Her står mange industriarbeidsplassar i fare.

1433 Ofte er dette hjørnesteinsbedrifter med høg kompetanse, i små lokalsamfunn.

1434

1435 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1436 • At GIEK strekker seg maksimalt for å avlasta verfta si svært anstrengde
1437 egenkapitalsituasjon.
- 1438 • Ha konkurransedyktige rammevilkår som gjer det attraktivt å investera i norsk
1439 industri.
- 1440 • Etablere ei ekspertening med høg kompetanse på offentleg anbod, som
1441 kommunale og fylkeskommunale innkjøparar kan lena seg på.
- 1442 • at Vanguard prosjektet til Forsvaret burde framskundast då dette sikrar om lag 20
1443 000 årsverk langs kysten.
- 1444 • Vidareføra CO2-kompensasjonsordninga med minst 75% kompensasjon for å sikra
1445 norske arbeidsplassar.
- 1446 • At den komande kondemneringsordninga for nærskipfart- og offshorefartøy bør
1447 sikre at den offentlege støtta går til vraking av skip i Noreg og ikkje i utlandet.
- 1448 • At Enova gir støtte til bygging av skip for reiarlaga, **med føresetnad at skipa skal
1449 segle med norsk flagg, ha ein viss del av norsk mannskap**, og blir bygd av verft i
1450 Noreg.
- 1451 • At styrkane i norsk industri må vektleggjast i utforminga av anbod og tildeling av
1452 oppdrag. Kriterium for ordna arbeidsvilkår og HMS skal vera ein del av anbodet.

1453

1454 **Fagarbeidaren**

1455 Noreg må satsa på fagarbeidaren. Sjølve føresetnaden for å lukkast med omstilling ligg i
1456 korleis vi sikrar at vi har nok fagarbeidare i framtida og ivaretek ein kontinuerleg etter- og
1457 vidareutdanning med gode støtteordningar.

1458 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1459 • Satsa på dei unge ved å få fleire fag inn i lærlingeordninga.
- 1460 • Sørge for å få fleire lærlinger inn i lærlingeordninga, slik at fleire får ei fagutdanning.
- 1461 • Gje auka støtteordningar til kontinuerleg etter- og vidareutdanning.

1462 **R4 Hav og fisk**

1463 Innstilling: **Vedtas, oversendes fylkestingsgruppen og stortingsgruppen.**

1464 Noreg har store ressursar i sine kyst- og havområder, med eit betydeleg potensiale for auka
1465 verdiskaping innan eksisterande og nye marine næringar. Fiskeri og oppdrett har stor
1466 betyding for busetting, sysselsetting, verdiskaping og næringsutvikling langs kysten vår.

1467
1468 Vestland fylke er eit leiande verdiskapande fylke basert på naturressursar, grøn
1469 næringsutvikling og innovasjon. Arbeiderpartiet vil satse på Bergen som byen og Vestland
1470 som fylket for marine næringar. Ressursane i havet er både vår mest tradisjonelle og mest
1471 framtidretta næring. Vi skal halde fram med å hente velstand frå bærekraftig forvaltning av
1472 hausta og dyrka marine råvarer i eit evighetsperspektiv.

1473

1474 **Vekst i havbruk**

1475 Klimaendringar, samt uforsvarleg bruk av ressursar er nokre av dei største utfordringane i
1476 vår tid. Med eit auka fokus på betydinga av berekraftig matproduksjon må utfordringar som
1477 er til hinder for vidare vekst i oppdrett verte løyst. Ei auke i verdiskapinga frå havet fordrar
1478 ei forvaltning som ivaretek både vekst, ville arter og biomangfald.

1479

1480 Allmenta si tilgong på fiske, den kulturelle arven og artane i seg sjølv er viktig å skjerma.
1481 Målretta tiltak i vassdraga våre vil bidra til å bygge opp robuste bestander og vere eit
1482 krafttak for den viktige laks og sjøauren i vår region.

1483

1484 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1485 ● Opprette fleire nasjonale referansevassdrag med detaljert overvåking av bestandene
- 1486 etter modell av Etneelva. Formålet er å etablere dei rette tiltakene for dei ulike
- 1487 vassdraga.
- 1488 ● Innføre målretta virkemiddel og ordningar for å premiere oppdrett med reduksjon i
- 1489 lakselusnivå med vekst.
- 1490 ● Videreføre og utvikle ordningane med utviklingstillatelsar med fokus på å løyse
- 1491 utfordringar med lus og rømming.

1492

1493 **Nye marine proteinkjelder**

1494 Eit av dei viktigaste bærekraftmåla frå FN er å redusere svolt i verda. Vestlandet har både
1495 råstofftilgang, energitilgang og kompetanse til å verte leiande på teknologiutvikling for total
1496 utnytting av marine ressursar i tråd med uttalte nasjonale strategiar. Marin satsing og
1497 etablering av blå bioraffineri vil vere viktige steg mot å lukkast med vekst i matproduksjon
1498 frå havet, og bidra til å redusere svolt i verda.

1499

1500

1501

1502 **Vestland arbeiderparti vil:**

- 1503 ● Hauste alternative marine ressursar og kartlegge potensialet deira som mat og
1504 fôringrediensar.
- 1505 ● Styrke det internasjonale samarbeidet innan havforskning for å bidra til auka
1506 kunnskap om marine ressursar og mattryggleik.
- 1507 ● Legge til rette for bioraffinerisatsingar i Vestland

1508

1509 **Havforsøpling**

1510 Plast og mikroplast påverkar i stor grad økosystemet vårt og utgjer ei fare for natur,
1511 menneske og dyreliv. Marin forsøpling, med forureining frå tauverk, garn og teiner er eit
